



PROTOKOLL

År 2011, 19. desember, vart det ført forhandlingar om provisjonsavlønning for tannlegar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane fylkeskommune. Forhandlingane vart ført mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Den norske tannlegeforening.

Frå Sogn og Fjordane fylkeskommune: Bent Rønnekleiv - direktør for tannhelsetenesta
Clara Øberg – ass. direktør for tannhelsetenesta

Frå Den norske tannlegeforening: Øystein Sivertsen
Åsta Vaim
Ingvild Boge

AVTALE OM PROVISJONSAVLØNING FOR TANNLEGAR I DEN OFFENTLEGE TANNHELSETENESTA I SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Bakgrunn for avtalen

Innføring av provisjonsavlønning er eit av tiltaka som vart vedteke innført frå 2008 i fylkestingssak 26/07 Rekrutterings- og stabiliseringstiltak i den offentlege tannhelsetenesta.

Formål

Bidra til rekruttering og stabilisering av tannlegar i den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane.

Tidsramme

Avtalen skal gjelde i perioden 01.01. — 31.12.2012 og vert avslutta utan oppseiing.

Kven gjeld avtalen for

Avtalen gjeld fast tilsette tannlegar og tannlegar som har ansettelsesforhold utover 6 mnd pr. kalenderår. Tannlegen må generere inntekt for å kunne få provisjon. Ved sjukmelding eller permisjonar vert det ikkje utbetalt bonus for anna enn innbetalingar for tidlegare arbeid.

Det vert inngått individuell avtale mellom den einskilde tannlege og fylkeskommunen (vedlegg1).

Tannlege som er med i andre avtalar med innsatsbasert avlønning kan ikkje inngå avtale om provisjonsavlønning.

Vilkår

Tannlege med provisjonsavlønning har ei arbeidstid på 36 timar pr. veke i heil stilling med høvesvis reduksjon etter stillingsstorleik.

Fylkeskommune og tannlegen kan seie opp individuell avtale med 1 mnd varsel.

Tannlegen må oppfylle dei produksjonskrava som til ei kvar tid gjeld for det prioriterte klientellet i tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane. For 2012 må minst 90 % av gruppe A vere under tilsyn, 95 % av gruppe B, 85 % av gruppe C1, 70 % av gruppe C2 og 65 % av gruppe D.



Vidare må tannlegen rette seg etter dei krava som gjeld for kvalitet og systematikk i den offentlege tannhelsetenesta, og kvalitetsindikatorane frå Helsedirektoratet. På klinikkar med fleire tannlegar har klinikksjefen ansvar for fordeling av pasientar i det prioriterte klientellet. Dersom det oppstår usemje om dette vert saka teke opp med næraste overordna. Provisjonsinntektene skal ikkje reknast med i feriepengegrunnlaget eller pensjonsgrunnlaget.

Ved kvar tertialrapportering skal ein vurdere korleis den enkelte tannlege/klinikk ligg an i forhold til prioritert klientell og folkehelsearbeidet, sjå vedlagte årshjul, vedlegg 2. Ved tvil om måla er nådde vil Fylkeskommunen kunne stanse vidare utbetalingar til ein ser at måla er oppnådde. Når måla er oppnådde vil ein utbetale provisjon også for dei månadane provisjonen er stansa.

Avlønning

Tannlege som har inngått avtale om provisjonsavlønning beheld ordinær fast løn etter stillingsstorleik. I tillegg vert det utbetalt provisjon av netto honorarinntekter etter fast prosentsats.

Netto honorarinntekter er samla honorarinntekter fråtrekt tannteknikarutgifter, gebyr og inntekter frå sal.

Provisjonen vert utbetalt kvar månad men kjem til utbetaling med ei forskyving på 2 månader. Eks.: Provisjon utrekna på grunnlag av inntening i februar kjem til utbetaling med løna i april. Dersom tannlege med provisjonsavtale ikkje oppfyller produksjonskrava på det prioriterte klientellet og øvrige vilkår utan forklarande grunngjeving, kan arbeidsgjevar krevje utbetalt provisjon tilbakebetalt. Dersom ein slik situasjon oppstår skal dette drøftast med tannlegen og tillitsvalt i Den norske tannlegeforening.

Provisjonssats

Det er forhandla fram ein fast prosentsats som for 2012 er fastsett til 13 %.

Ny avtale

Det skal setjast i gang drøftingar om ny avtale for innsastbasert avlønning som skal gjelde frå 1.1.2013. Dette arbeidet skal setjast i verk seinast av mars månad. Ambisjonen er at det skal føreligge ein ferdig framforhandla avtaletekst til fylkestinget/fylkesutvalet i juni, men seinast til oktobertinget.

For Sogn og Fjordane fylkeskommune

Bent Rønnekleiv
Direktør for tannhelsetenesta

For den norske tannlegeforening

Øystein Sivertsen
Hovudtillitsvalgt NTF

